

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 21. mai 2024

Stad: Gol idrettshall

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sissel Hovland	Hol kommune
Tom Rune Skredderberget Blakkestad	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Iselin Haugo Stavn (H)
Anders Wengen (V)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, Sats på Hallingdal
Guro Veslehaug, Klimakoordinator

SAK 39/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 31. MAI 2024**Vedtak:**

Protokollen 31. mai 2024 er godkjent.

SAK 40/24 KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL – HØYRINGSUTKAST**Vedtak:**

Regionrådet legg Klimaplan for Hallingdal ut på høyring med dei språklege – og innholdsmessige justeringar som kom fram i regionrådsmøte. Høyringsfrist 17. sept. 2024

SAK 41/24 FINANSIERING AV NESBYEN SIN DEL AV ETABLERERTENESTA

Regionrådet behandla saka om korleis ein skal finansiere Nesbyen sin del av etablerartenesta etter vedtaket om å redusere innsatsen pga. den økonomiske situasjonen i kommunen.

Det vart fremma to forslag

1. Regionrådet vedtek at kommunane si innbetaling for 2024 blir redusert med om lag halvparten av det som er budsjettert. Dette skal finansierast ved bruk av etablerartenesta sitt fond.
2. Regionrådet vedtar at etablerartenesta sitt fond dekker Nesbyen sin del på 90 000 for 2024.

Votering:

Hol, Ål, Hemsedal og Nesbyen støtta forslag 1, mens Gol og Flå støtta forslag 2

Vedtak:

Regionrådet vedtek at kommunane si innbetaling for 2024 blir redusert med om lag halvparten av det som er budsjettert. Dette skal finansierast ved bruk av etablerartenesta sitt fond.

SAK 42/24 REGIONALT SAMARBEID NO OG FRAMOVER

Regionrådet sette av tid til ein god prat om samarbeid. Me gikk gjennom det me tidlegare har vore inne på, kva er me gode på, kva er me mindre gode på og kva er suksessoppskrifta for regionalt samarbeid. Etter det fekk alle kommunar ved ordførar og kommunedirektør ytra seg om korleis dei har det og korleis det står til i kommunen

SAK 43/24 BÆREKRAFTIG REISEMÅL V/AGNETE

Agnete Berg Sataslåttan orienterte om status i berekraftig reisemålprosjektet.

SAK 44/24 CAMPUS HALLINGDAL VIDAREFØRING**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal støttar styringsgruppa sitt forslag om at etableringsprosjektet blir vidareført til 1.7.2025 utan at det krev ytterlegare finansiering.

SAK 45/24 SATS PÅ HALLINGDAL – ORIENTERING OM SISTE UTVIKLING

Maria Grevsgård orienterte om status i Sats på Hallingdal, sjå vedlegg

SAK 46/24 SAMFERDSEL – VEGEN VIDARE ETTER NTP BEHANDLING

Jan Olav orienterte om kva som har skjedd på samferdselsfronten den siste tida og kva som er vegen vidare, sjå vedlegg

SAK 47/24 BEREDSKAPSSAMARBEID I HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet tek KRU si tilråding til orientering

SAK 48/24 EVENTUELT**Godtgjøring til politikarar på regionale møte****Vedtak:**

Regionrådet ber politikarane som deltek på Hallingting og ev andre regionale møte sende møtegodtgjering gjennom systemet i eigen kommune.

Fagdag om rusforebygging

Kommunane takkar nei til tilbodet om å delta på fagdag for rusforebygging. Kommunane ønskjer å stå for opplæringa av eigne folk sjølv og vil kvalitetssikre ei ev opplæring ved å gå i dialog med Hallinghelse.

Arendalsuka

Me satsar på å reise på Arendalsuka måndag – onsdag ev til fredag. Jan Olav sjekkar overnatting.

Hallingdal 27. juni 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar